



«E' hel ei – e' halv ei» – om realiseringa av ubestemt hokjønnsartikkel i Oslo

Av Stian Hårstad og Toril Opsahl

Studiar av genusendring i norsk har jamt over brukt mykje plass på inventaret i kategorien «ubestemt artikkel», som fleire stader viser teikn til å skrøkke frå tre til to typar. I dei fleste samanhengar vert dei tre typene refererte til som *ein* (m.), *ei* (f.) og *eit* (n.). Faktiske realiseringar som er subsumerte under desse typene, kan vere avgjerande i jakta på endringsforklaringar. Denne artikkelen undersøker korleis hokjønnsartikkelen har vore realisert i Oslo gjennom dei siste par hundre åra. Kjeldematerialet er eit breitt utval av litterære framstillingar og vitskaplege skildringar av oslomålet, og korpusdata frå nyare tid. Variasjonen som vert avdekt, er sjeldan tematisert i nyare framstillingar av genustilhøva i Oslo. Den tilsløringa som ei slik subsumering inneber, treng ikkje å ha uheldige konsekvensar for analysane av genussystemet i Oslo, men artikkelen argumenterer likevel for at eit meir nyansert medvit om variasjon i dei språklege realiseringane av artiklane er viktig for vidare genusforskning i andre dialektområde.*

1 Innleiing

Endringar i det grammatiske genussystemet i ulike variantar av norsk har fått merksemd frå fleire hald opp gjennom historia (t.d. Beito 1954, Seip 1958), men særleg det siste tiåret har det komme mange studiar med dette temaet som omdreiingspunkt, t.d. Opsahl og Nistov (2010), Lødrup (2011), Trudgill (2013), Rodina og Westergaard (2015), Lundquist, Rodina, Sekerina og Westergaard (2016), Westergaard og Rodina (2016),

* Artikkelen er eit resultat av arbeidet i forskingsprosjektet *GenVAC* (NFR-prosjekt nr. 301094). Meir informasjon kan ein finne på denne nettstaden: <https://www.ntnu.edu/genvac>. Vi vil takke ein anonym fagfelle og redaktør Hans-Olav Enger for gode innspel og naudsynlege justeringar.

Fløgstad og Eiesland (2019), Busterud, Lohndal, Rodina og Westergaard (2019, 2020) og Opsahl (2021). Seinast har genusendringar vorte eit forskingsfokus i prosjektet *Grammatical Gender in Norwegian Dialects: Variation, Acquisition & Change* (GenVAC), der fleire av dei nemnde forskarane – og dessutan begge forfattarane av denne artikkelen – er involverte. *GenVAC* har som mål å femne mange delar av det norske talemålslandskapet, medan storparten av dei andre studiane frå nyare tid tek for seg store bysamfunn, nemleg Oslo, Tromsø og Trondheim. Ein hovudtendens som vert avdekt alle tre stadene, er at hokjønnskategorien skrumpar inn, særleg gjennom at den tradisjonelle ubestemte artikkelen vert erstatta av hankjønnsvarianten. Såleis skjer det ei utvikling i retning av det to-genussystemet ein kjenner mellom anna frå skriftnorma riksmål (fram til 1917), det tradisjonelle talemålet i Bergen og mange variantar av svensk og dansk.

Det kan vere rett å seie at fleirtalet av desse genusstudiane har eit *systemfokus*, medan mindre vekt har vorte lagt på å kartleggje kva formale realiseringar som faktisk inngår i desse grammatiske systema, og kva som eventuelt ligg i den variasjonen ein har treft på. Denne artikkelen er meint som ei påminning om at eit blick til dei konkrete språklege realiseringane kan vere avgjerande i jakta på forklaringar innanfor eit endringsperspektiv. Ein sentral baktanke med denne framstillinga er å vise kor lett det kan vere å ende opp i ei form for «squinting grammar», som Otto Jespersen (1860–1943) i si tid åtvara mot (jf. Christophersen 2008). Denne «mysinga» i grammatikkforskinga inneber kort sagt ein tendens til å sjå etter system eller strukturar ein kjenner frå før, medan andre forhold samtidig fell ut av synsfeltet.

Siktemålet vårt er i hovudsak deskriptivt. Vi spør kva det tilgjengelege kjeldematerialet kan seie oss om korleis ubestemt hokjønnsartikkel (determinativ) tradisjonelt har vore realisert i Oslo gjennom dei siste par hundre åra. Som vi allereie har antyda, kan spørsmålet likevel ha både teoretiske og metodologiske implikasjonar for vidare forskning, ikkje minst forskning som gjeld diakrone endringar i genussystemet.

Strukturen i artikkelen er slik: Etter ein kort bolk med utdjuping av forskingsspørsmåla våre følgjer ein bolk der vi presenterer eldre kjelder om og til hokjønnsartikkelen i Oslo. Dei eldste kjeldene vi kommenterer, er frå midten av 1800-talet, men hovudvekta ligg på litterære kjelder og forskingsarbeid frå overgangen mellom 18- og 1900-talet og frametter. Når vi nærmar oss notida, er det fleire typar kjelder å trekkje på, så bol-

ken etterpå, om nyare kjelder, inneheld både skriftlege kjelder og korpussøk i to talemålskorpus, eit frå tidleg 1970-tal (TAUS) og eit frå byrjinga av 2000-talet (NoTa-Oslo-korpuset). Etter den empiriske gjennomgangen følgjer ein avsluttande diskusjon.

Vi vil allereie her understreke at vi i denne framstillinga primært er opptekne av å femne variasjon som potensielt er berar av (sosial) meining (jf. t.d. Eckert og Labov 2017), medan den fonetiske grannsemda må vike. Sjølv om vi til dels reiser kritikk mot det å subsumere ulike realiseringar av hokjønnsartikkelen under same form i vitskaplege framstillingar, erkjenner vi at det òg kan vere gode grunnar til å subsumere. Det vi åtvarar mot, er ein praksis der variasjon som kan vere meiningsberande (i sosiolingvistisk forstand), eller potensielt vere vesentleg for å forstå endringstendensar, vert gjort usynleg som ei følge av den valde teoretiske eller metodiske tilnærminga.

2 Grammatisk hokjønn i Oslo – kva er det eigentleg *en* tek over for?

Mange tidlegare studiar av genusendring fokuserer særleg på inventaret i kategorien «ubestemt artikkel», som altså fleire stader viser teikn til å skrøkke frå tre til to typar. Jamt over vert dei tre typane refererte til som *ein* (m.), *ei* (f.) og *eit* (n.) (eller *en*, *ei* og *et* i bokmålstekstar), sjølv om dette ofte kan dekkje over uttalevariasjon både innanfor og mellom dei undersøkte populasjonane. Vi veit til dømes at diftongen *ei* tradisjonelt har eit høgare startpunkt i trondheimsmål og tromsømål enn i Oslo (/ei/ vs. /æi/ hjå Vanvik 1979: 22). Å sortere desse variantane i same kategori er stort sett uproblematisk når ein har det grammatiske systemet i fokus, men slike subsummeringar og abstraheringar kan òg gjere forskaren blind for detaljar som potensielt er vesentlege for å forstå endringstendensar. Her skal vi sjå nærare på kva som eigentleg skjuler seg bak ein av *typane* som har fått mykje merksemd dei siste åra, nemleg den ubestemte hokjønnsartikkelen i Oslo. Vi set oss altså føre å undersøkje kva ulike kjelder kan fortelje oss om realiseringa av dette elementet i det lokale talemålet, og vidare drøftar vi kva som potensielt kan vere problematisk med å miste visse aspekt av den eksisterande variasjonen av syne.

Både Opsahl og Nistov (2010) og Lødrup (2011) konstaterer at det er den ubestemte artikkelen som tradisjonelt markerer hankjønn, omtala som *en*, som vinn terreng i talemålet i (delar av) Oslo. Og varianten som

er på vikande front, vert i desse studiane omtala som «ei» utan vidare problematisering. Lødrup (2011: 121–122) viser til Amund B. Larsen si framstilling av oslomålet (Larsen 1907) når han stiller opp ord som hadde feminine kongruensformer i tradisjonelt oslomål. Blant desse er artikkelen *ei*. Men Larsen omtalar ingen hokjønnsartikkel med denne forma, derimot skriv han at den ubestemte artikkelen i hokjønn er ein monoftong /e/ (1907: 117).¹ Hokjønnsforma av talordet *ein* kan, ifølge Larsen (sst.), vere både ein monoftong (/e/) og ein diftong (/æi/), men han brukar aldri <ei> som ubestemt artikkel, heller ikkje i talemålsprøva han inkluderer (sst.: 119–121): Der finn vi skrivemåtane <e gran>, <e grautgryte>, <e flenge> og <e stønn>.² Lødrup (2011: 121) gjer merksam på at han i si framstilling har erstatta lydskrifta til Larsen med «vanlig ortografi», og kanskje kan ein sjå transponeringa til *ei* som eit resultat av denne normaliseringa, men det kunne likevel vore verdt å få fram at den grammatiske diskusjonen baserer seg på andre storleikar enn dei faktiske realiseringane. Heller ikkje Opsahl og Nistov (2010) nemner noko om variasjon i realiseringa av den ubestemte hokjønnsartikkelen i det materialet frå multietniske ungdomsmiljø i Oslo som dei studerer. Hovudpoenget deira er at ingen av informantane brukar den feminine artikkelen, som i artikkelen vert omtala som *ei*, og da er det naturleg nok ingen konkrete realiseringar å gå i djupna på.

2.1 *Kva eldre kjelder seier om hokjønnsartikkelen i oslomålet*

Detaljane omkring framveksten av den ubestemte artikkelen frå det norrøne talordet *ein* skal vi ikkje gå inn på her (sjå t.d. Beito 1954: 13f.), men vi kan kort slå fast at talemåla (med unntak av bergensmålet) har fått variantar utan *n*. Den fonetiske realiseringa kan elles variere ein del, både når det gjeld kvalitet og kvantitet, og dét skuldast ikkje minst at dette elementet ofte står i trykksvak posisjon og dermed har lett for å verte avveikt på ulike vis (sjå t.d. Torp 2003 om slik trykkavhengig variasjon).

1. Larsen brukar Norvegia-alfabetet i døma han fører opp. Her er dei omsett til IPA-teikn så langt det går. Når uttalen er det viktige i denne framstillinga, brukar vi skråstrekar (altså /æi/) omkring det aktuelle elementet. Når det grafemiske er i fokus, brukar vi vinkelparentesar (altså <ei>). Andre former for sitat og objektspråk står i vanlege hermeteikn og kursiv.
2. Desse skrivemåtane er haldne ved lag i oppskrifta som vart innlemma i *Norske mål-føretekster* i 1963 (Beito 1963: 19–23).

Varianten som Larsen (1907) viser fram frå oslomålet, kan ein sjå som ei form som har gått langt i veikinga; det er berre ein (kort) monoftong.

Vi har sjølv sagt ikkje tilgang til noko lydmateriale som gjer det mogleg å granske faktiske realiseringar på Larsens tid, så vi må basere oss på skriftlege nedteikningar. Dei kjeldene som finst utover Larsens arbeid, brukar i liten grad spesialisert lydskrift, og dei fleste tekstane er dessutan forfatta av ikkje-lingvistar. Presisjonsnivået er dermed diskutabelt, men vi meiner likevel at desse skriftlege framstillingane gjev oss eit inntrykk av kva som har vore oppfatta som den «normale» uttalevarianten av den ubestemte hokjønnsartikkelen. Vi vil derfor gjere eit sveip over eit utval eldre tekstar som på ulike vis tematiserer talemålsforhold i Oslo, for å sjå på korleis dette trekket vert realisert i skrift.³ Her går vi kronologisk fram og tek for oss både ikkje-faglege og akademiske tekstar – som vel å merke har nokså varierende grad av presisjonsnivå.

Frå tida før Oslo-studien til Larsen (1907) har vi stort sett berre skjønnlitterære framstillingar å sjå til. Unnataket er ein note hjå Knud Knudsen (1856: 117) der det står følgjande: «I By-Talesproget heder Artikkelen 'en,' 'e,' 'et': *En Mand, e Kone, et Barn*». Her er det mogleg at Knudsen stør seg på framstillinga til oslomannen Christian Kølle frå 1785, der han i sin latinske grammatikk til skulebruk viser til tregenus-systemet «i Norsk» med liknande døme: «en Mand, e Kone, et Dyr» (siteret etter Seip 1952: 17).⁴ I oppskriftene som Johan Storm i 1880-åra gjorde av talemåla på Sørøstlandet (ordna og utgjevne i Skulerud 1924), vert <e (i)> sett opp som ubestemt hokjønnsartikkel («kjenneord») for

3. Her har Wiggen (2007), Wiggens (1982) oslomålbibliografi og litteraturlista i Bull (1982) vore til god hjelp, men vi har òg søkt opp ein del relevante ikkje-lingvistiske kjelder, mellom anna med utgangspunkt i Knudsen (1928) og Just (1945).
4. Dette momentet vert nemnt på liknande vis i fleire skulegrammatikkar frå siste halvdel av 1800-talet og utover, men da er ikkje koplinga til Kristiania/Oslo like eksplisitt. *Norsk grammatik til skolebrug* (Hofgaard 1879) viser døme på korleis skilnaden mellom hankjønn og hokjønn kjem til synes i «talesproget i byerne»: «en mann, en stol; e kone, e dør» (s. 8). I *Norsk grammatik til skolebrug* (Hanssen 1902) finn vi følgjande merknad under eit avsnitt om artiklar: «I talesproget heder den ubestemte artikel i hankjøn *en*, hankjøn tildels *e*, intetkjøn *et*, f.eks. *en mand, e kone, et barn*» (s. 12). I *Norsk sproglære* (Jensen 1930) vert «*en mann, e kone, et tre*» stilte opp som døme frå «dagligtalen i riksmål» (s. 9).

Oslo (sst.: 59).⁵ Vidare finn vi dømet <e lita pike> frå Oslo (sst.: 63), og dette vert kontrastert med diftongvarianten i Lier og Øvre Eiker.

Litt innpå 1900-talet finn vi tre tekstar som omtalar hokjønnsartikkelen i oslomålet på eit meir vitskapeleg vis. Den første er ein kort artikkel skriven av Alfred Jensen (1916) som viser nokre døme på monoftongvarianten, <e' saa'n e' lita Høne> og <e' almindelig Kneje>, men utan at forma vert kommentert nærare. Western (1921: 396f.) fører i sin *Norsk riksmåls-grammatikk* opp <e kone, kona, e bok, boka> som døme frå «det utvungne talesprøg», men utan å vise spesifikt til hovudstaden. Same stad (s. 499) nemner han at «den utvungne dagligtale» har hokjønnsartikkelen <e> (med døma <e kone, e jente>), men «til dels også i formen *ei*». I eit lite hefte frå 1928 skriv Amund B. Larsen den yngre, yngste sonen til målgranskaren, om «oslo-målet», og han «heilgarderer» ved å bruke skrivemåten <e(i)> for hokjønnsartikkelen.

Dei skjønnlitterære døma er langt fleire, og ei tidleg oppskrift finn vi i memoarane til overklassefrua Conradine Dunker, som var fødd i Kristiania i 1780. Ho hermar eit vers som er lagt i munnen til «en Bondepige i Ager Sogn», og der finn vi skrivemåten <e Lue> og <e Lieutenants-Fruer> (Dunker 1871: 90). Det er elles tett mellom talemålsinnsлага i den såkalla Vika-litteraturen som voks fram midt på 1800-talet (jf. Jensen 1916). Mellom dei mest kjende aktørane i denne dialektprega heimstad-diktinga er Olaves Pedersen, som var pseudonymet til Alfred Sinding-Larsen. Eit stort utval av Olaves Pedersens viser, som var skrivne i perioden 1858–1873, kom i samla utgåve i 1903 (Sinding-Larsen 1903)⁶, og her finn vi ei rekkje døme på at den ubestemte hokjønnsartikkelen vert realisert som <e>, <e'>, <'e> i skrift: <e Lire>, <e Kasse>, <e' Kake>, <'e Korj> og mange fleire. Men vi støyter òg på diftongvarianten, t.d. <ei Glo>, <ei Ælke> og <ei Purke>. Det er likevel stor overvekt av den mest avveikte varianten, og ein kan òg forstå den sporadiske bruken av apostrof (t.d. <e' lang Næse> og <e' Kake>) som eit teikn på at skrivaren er medviten om at det her er snakk om ein utbreidd elisjon i

5. Notasjonsmåten til Skulerud (med Norvegia-alfabetet) må forståast slik at han viser fram til monoftongerte uttalevariantar, der den eine (*i*) vert sett i parentes. Det er eit tydeleg mellomrom mellom dei to teikna, så det er ikkje naturleg å lese det som ein mogleg diftong (*ei*).
6. I eit kort føreord til denne utgåva skriv Johan Storm, professor i engelsk og romansk filologi, at visene er «ypperlige baade som humoristiske Folkelivs-billeder og som Gjengivelser af Folkesproget».

talen. Han er altså klar over at *ei* må vere utgangspunktet eller «normalforma» (sjølv om ho ikkje fanst i noka offisiell skriftnorm da Olaves Pedersen var aktiv), og så set han inn apostrof for å understreke at det i hans tekst er snakk om ei anna (og avvikande) realisering. Ein kan rekne med at lesarane kjenner varianten *ei* godt som talord i samband med femininum, og mange vil òg ha høyrte han i talemåla i regionen omkring. Samstundes kan ein spekulere på om Sinding-Larsen greip til apostrofen fordi han i samtida registrerte at *ei* var på frammarsj omkring han, og at det derfor vart viktigare for han å markere den monoftongerte – og mest tradisjonelle – varianten. Dette er det vanskeleg å seie for sikkert, og vi har heller ikkje gjort ein grundig nok gjennomgang av dei dialektprega tekstane til å kunne påvise eventuelle tendensar i apostrofbruken over tid.

Ein annan sentral skribent i denne tradisjonen er Theodor Løvstad som på omtrent same tida tok til å gje ut tekstar med innslag av trekk frå folkemålet i byen. Dette var for det meste humoristiske eller satiriske stubbar som vart prenta i aviser og i «vittighedsblad» som *Bakkus* og *Vikingen*. I det sistnemte skriftet hadde Løvstad gjennom fleire tiår hand om spalta «Kjæftausa» der han under pseudonymet Ka'l Olsen fra Wika leverte «snertende Spydigheder» på vikamål (Holen 1895: 34). Søk i denne store tekstmengda tyder på at han er nokså konsekvent i bruken av <e'> som ubestemt hokjønnsartikkel. Denne konvensjonen vart stort sett følgd også da andre tok over Ka'l Olsen-signaturen i 1910- og 1920-åra.

I *Askeladden*, eit skrift med «humoristiske fortællinger og smaastykker» som kom ut i Kristiania frå 1895 til 1897, finn vi òg fleire døme på skrivemåten <e'> for hokjønnsartikkelen: t.d. <e' bok>, <e' hal' ku> og <e' sjuk kjærring>, men her går det ikkje alltid klart fram om det er bymålet som vert skriftfesta. Teatermannen Ludvig Bergh stod òg for ei rekkje humoreskar i ulike kanalar, mellom anna i bokform. I *Gjennem byen* (1898) og oppfølgjaren *Gjennem byen II* (1902), som begge inneheld trøysame folkelivsskildringar frå Kristiania, brukar Bergh forma <e> i mange av replikkane, m.a. <e lang støn>, <e ku> og <e tise>. Det same finn vi i mange av tekstane han fekk på trykk i årboka *Humør* frå 1912 og utover.⁷

7. Teatermannen Axel Maurer gav i 1907 ut samlinga *Kristiania-viser* der fleire tekstar «utmerker seg ved sin usvikelig ekte Kristiania-tone», som Carl Just (1963: 13) for-

Litt på sida av denne «humorpressa» skreiv Karl Falch Wasserfall ei mengd tekstar med talemålstrekk frå Kristiania, særleg for Studenter-samfundet (sjå t.d. Professor Bills 1888). Inntrykket er at Wasserfall varierer monaleg mellom <ei> og <e>. Det same gjer Edle Hartmann Schjødt, som særleg under pseudonymet Sfinx gav ut mange humoristiske tekstar med innslag frå oslomålet (sjå t.d. Sfinx 1899, 1917, 1929).⁸ Hjø henne finn vi både <e>, <e'> og <ei>, og sjølv om det er vanskeleg å gjere fullnøyande rekneskap, tyder mykje på at monoftongvariantane er i fleirtal.

Den myteomspunne *Kristiania-romanen*, som i realiteten er ei samling av omkring 75 ulike tekststykke samanstilte og utgjevne av Jon Flatabø i 1891, vart raskt inndregen av politiet på grunn av eit innhald som vart oppfatta som «i høi grad anstøtelig» (Thuesen 1960: 161). Dei meir enn 500 sidene viser døme på både <e>, <é>, <ej> og <ei>, men det er ofte vanskeleg å seie kva som er meint å skulle gje att dialekten i hovudstaden, og kva som er «generelt folkemål».

I politimannen Claus Mørch (1904) sine forteljingar frå «forstædernes gadeliv» er <e> å finne som hokjønnsartikkel i mange opprekningar av dialogar: t.d. <e hal flaske konjak>, <e hal alen> og <e støn>. Legen John Mjøen gav ut boka *Blandt livets stedbarn* (1912) med forteljingar om «de brystsvakes verden» basert på røymsler frå «15 aars arbeide» på mellom anna Grefsen sanatorium for tuberkuløse. Desse tekstane har mange innslag av oslomål, og hokjønnsartikkelen er gjennomgåande skriven <e>: <e farli vending>, <e amme>, <e sørgeli ti> mfl. Fleire av romanane til Peter Lykke-Seest har gamle Kristiania som spelepleass, men da i hovudsak meir borgarlege miljø. Vi kan likevel finne ein god del døme på folkemålsinnslag der hokjønnsartikkelen er skriven <e'> eller <e>: t.d. <e' fattig kone> i *Under paddehatten* (1898), <e jente> og <e lita stønn> i *Det gjenfundne landet* (1915), <e kjærring> og <e bikje> i *Huset*

mulerer det. Her er det visseleg tett mellom talemålsinnslaga, og former som <brua>, <hamna>, <næsa si> og <puta mi> viser tydeleg eit tregenussystem, men interessant nok finn vi ikkje eit einaste tilfelle av hokjønnsord med ubestemt artikkel framfor. I staden kan vi sjå <en gru>, <en mark> og <en trosse> i strofer som elles tydeleg er lagde i munnen på Kristiania-figurar. Maurer skriv derimot <e ørlita hal'flaske> i ei kort historie i *Theaterkatten* (Maurer 1925).

8. Det er verdt å nemne at Edle Hartmann var fødd og oppvaksen i Larvik (i 1862), og som Wiggen (2012) viser, er ikkje attgjevingane hennar av kristiania-/oslomålformer alltid til å lite på.

i *Gamlebyen* (1923), og <e' kule> og <e lita pike> i *Ludvig Ludvigsen* (1924).

Oskar Braaten, som er særleg kjend for skodespel og forteljingar frå arbeidarmiljø i Kristiania/Oslo, dikta først på landsmål, men gjekk etter kvart over til riksmål med mange talemålsinnslag. Da dramaet *Ungen* (førsteutgåve i 1911) kom i ny utgåve i 1926, skreiv Braaten i eit kort føreord at teksten no var overført «til Oslo-dialekt – den målformen som ligger stykkets personer nærmest». I både dette stykket og dei andre tekstane med mange talemålsinnslag er Braaten bortimot heilt konsekvent i bruken av <ei> som skrivemåte. Vi finn <e' lita jente> i *Bak høkerens disk* (1918), men elles ser han ut til å halde strengt på diftongvarianten, slik skrivemåten var i landsmålsnorma.

Det er likevel lett å finne døme på at varianten <e'> vart vidareført langt utover på 1900-talet. Tekstmengda er naturleg nok stor, og her kan vi trekkje inn berre nokre illustrerande døme. Karen Sofie Hanssen, betre kjend som Nicolette, skreiv mykje for revyteateret Chat Noir, og i dei mest talemålsnære tekstane brukar ho jamt over <e'>: <e' lampe>, <e' furu> og <e' vise om e' trice> (Hanssen 1920).⁹ I humorbladet *Humoristens Revy* frå 1933 finn vi <e' lita avreining med polti>, <te e jomfru> og <e' smellande fin, ong dame>. Monoftong-varianten finn vi dessutan i mange av tekstane Hanssen omsette frå svensk for bokserien *Humoristiske sketcher* i 1930-åra (t.d. Hanssen 1935 a–c, 1937). Chat Noirs husdiktar Arne Svendsen, som mellom anna står bak visa vi har brukt i artikkeltittelen,¹⁰ brukar den same skrivemåten i mange av dei talemålsnære tekstane sine. Frå *18 originalviser* (1928) treffer vi mellom anna på <e' lørje>, <e' flette> og <e' stue>. I samlinga *Chat Noir-viser og andre* (1938) finn vi: <e' kanne sprit>, <e' kjerke>, <e' gran>. Forma <ei> brukar Svendsen derimot berre for nektingsadverbet. Det same mønsteret ser vi hjå ein tredje Chat Noir-forfattar, nemleg Finn Bø. Nektings-

9. I ei vise trykt i *Humør* i 1921 brukar Hanssen jamvel <e> som talord: <Hu Gro hadde høne – e eneste e>.

10. Visa «E' hel ei – e' halv ei» vart først gjort kjend av Lalla Carlsen i Chat Noir-revyen «Kjør Storgata!» frå 1955. Mauritzen (1979: 103) omtalar teksten, som er lagd i munnen på «ei uteliggerkjerring ved Vaterland bro», som «identisk med Oslo selv, dens folkesjel og egenkarakter». I dei eldste lydopptaka vi kan finne av framføringa til Lalla Carlsen, er det heilt tydeleg /e/-uttale i tråd med den skrivemåten vi brukar her.

ordet er <ei>, medan hokjønnsartikkelen er gjennomgåande <e'>: <e' jente>, <e' kule>, <e' nydelig celle> mfl. (Bø 1961).

I 1933 kom Vilhelm Dybwad, advokat og visediktar, med boka *På anklagebenken*, der han på skjemtsamt vis fortel historier frå rettsalar i Oslo. Her er det mange innslag av oslomål, særleg i replikkane, og den ubestemte hokjønnsartikkelen vert nesten konsekvent skriven <e'>: <e' seng>, <e' fillekklokke>, <e' tom barnevogn> mfl. Fleire døme har han i boka *Retten er satt* (1937), t.d. <e' flaske>, <e' lang stønn>. ¹¹

Forfattaren Lorentz N. Kvam gav ut den humoristiske forteljinga *Vaterlands melodi* i 1938, og der brukar han nesten konsekvent <e> som hokjønnsartikkel i replikkane. Kvam var mannen bak pseudonymet Rocambole Pedersen som stod for storseljaren *Den forsvundne pølse-maker* i 1919. Da ei tredje, atskilleg omvølt, utgåve kom i 1941, hadde det skjedd ei monaleg «oslofisering» av teksten. Ikkje berre hadde «den berømte Kristiania-opdager Stein Rask» vorte til «Oslo-opdager», men fleire av romanfigurane fekk eit tydeleg talemålspreg på replikkane sine. Mellom trekka som kjem inn, er <e'> som hokjønnsartikkel, t.d. <e' flaske>, <e' katte> og <e' lita snelle>, der det i tidlegare utgåver hadde vore riksmålets to-genussystem.

Einar Rose, songaren, skodespelaren og regissøren med mange sterke band til Chat Noir, står mellom dei mest typiske eksponentane for den folkelege «Oschlo-tonen» på revyscenen. I bøkene han gav ut, *Rose-boka* (1941) og *Ingen roser uten torner* (1954), held han seg til ein sær s talemålsnær stil, og han brukar gjennomgåande <e'> (eller <e>) som skrivemåte for hokjønnsartikkelen: <e' go' bok>, <e' dame> og <e' halv krone> mfl.

Tekstane frå desse humoristiske sjangrane har openberre veikskapar som lingvistisk empiri, akkurat slik Amund B. Larsen påpeiker når det gjeld dei lettbeinte folkeli vsskildringane frå seint 1800-tal: «[De] er ikke skrevet for at være sproglige vidnesbyrd, og er det derfor heller ikke» (Larsen 1907: 17). Dette gjeld sjølv sagt alle slags talemålsinnslag i diktning, men særleg tekstar som utnyttar det dialektale for å oppnå ein komisk effekt, bør ein granske med eit ekstra kritisk blikk. Her handlar det gjerne om det karikerte og overdrivne, og visse skriftleggjorte talemåls-

11. Dybwad står òg bak boka *Kal den 12te. Lufta. Skizzer af en Kristianiaguts liv* (1902, under pseudonymet Morten Hansen), og i replikkane vert <e'> bruka som hokjønnsartikkel, t.d. <e' ny e'>, <e' Stønd>, <e' riktig Flue>.

trekk kan få ein stilisert eller emblematiske funksjon som berre delvis reflekterer den faktiske bruken i den språkfelleskapen som vert framstilt. I staden står ein i fare for å lage ein «kunstdialekt»¹² som berre lever i humorspaltene, revyviser og visse andre litterære sjangrar.

Desse problematiske forholda gjeld sjølvstilt og for det trekket vi har i siktet her, men vi meiner likevel at den omfattande bruken av skrivemåtar som <e> og <e'> gjev eit klart inntrykk av kor attkjennande og typisk den monoftongerte uttaleforma må ha vore i Kristiania/Oslo i det hundreåret vi har studert kjelder frå i denne første bolken, dvs. omtrent 1850 til 1950.¹³ Ikkje berre vert ho omtala som den dominerande varianten i språkvitskapleg litteratur, men ho er òg sterkt til stades i ulike ikkje-lingvistiske tekstar frå ei rekkje forfattarar gjennom heile perioden.

2.2 Yngre kjelder om hokjønnartikkelen i oslomålet

Siste halvdel av 1900-talet er den perioden da det etter kvart var meir vanleg å samle inn talemålsdata ved hjelp av opptaksutstyr. Norske målgranskarar låg kanskje ikkje i front når det gjaldt å ta i bruk slik teknologi, men det finst ein del lydmaterialer som kan kaste lys over den variasjonen i realiseringar som dei skriftlege kjeldene vitnar om. Ikkje minst når det gjeld bymåla, vart det gjort eit sosiolingvistisk nybrottsarbeid på 1970-talet, som i prosjektet *TAUS (Talemålsundersøkelsen i Oslo, jf. Hanssen mfl. 1978)*. Vi kjem attende til dette og eit nyare talemålsskorp nedanfor.

Først skal vi ta for oss skriftlege kjelder som er baserte på intervjudata, rapporterte data eller meir eller mindre strukturerte observasjonar. Det einaste arbeidet som vi kan finne, som går nærare inn på variasjonen mellom monoftong- og diftongvariantane, er Odd Nordlands (1954) studie av språket til ungar i Oslo. Innanfor kategorien ubestemt hokjønnartikk-

12. Det finst døme på at drag frå ei slik talemålsnær skriftnorm òg vart brukt i omsett litteratur. Da Sigge Strömbergs «gutebok» *Två tjuvpojars äventyr* kom på norsk i 1919 (*To hurragutters liv*), brukte omsetjaren Gunnar Kristoffersen ei rekkje trekk som vi kjenner att frå «Vika-litteraturen», mellom anna <e> som hokjønnartikkel, for å gje att den særeigne språkforma til forteljar-egget Kalle Svensson. Axel S. Seeberg gjorde det same i omsetjinga si av Agatha Christies *The Body in the Library* (*Liket i biblioteket*, 1942): <var e' lita lur snelle>, <sänn'e dum jente>, <det er e' sate>.
13. Det er verd å nemne at skrivemåtane <e'> og <e> i dette tekstmaterialet òg opptrer i samband med substantiv i nøytrum, sjølv om dette er langt mindre frekvent enn for hokjønn. Wasserfall (Professor Bills 1898) har t.d. <e høilas> og <oppe paa e loft>; Sinding-Larsen (1903) har t.d. <e' kjærli Fristed>, <e gammalt Unnerskjørt> og <e hal't Snese>.

kel spesifiserer han først seks uttalevariantar, <ei, eⁱ, æi, æⁱ / e, æ> (s. 165), men opererer seinare med hovudskiljet diftong vs. monoftong. Vidare går det fram at informantgruppa «guttene på vestkanten» brukar diftong (<ei/æi>) i 68,7 % av tilfella. I om lag ein tredel av tilfella kjem altså monoftong-varianten (<e/æ>) føre. Eithun (1979) kjem med dømet <ei lita dør> frå oslomålet, men slår samstundes fast at hokjønnsartikkelen er <e> (s. 44). Hoftvedt (1980) byggjer på opptak frå gruppeintervju, og i døma frå materialet han viser fram, kan ein finne <e pakke> (s. 30). I den påfølgjande diskusjonen om substantivmorfologi brukar han likevel skrivemåten <ei hand> (s. 35). I Alnæs (1981 a) sin omtale av oslomål inkluderer han dømet <E lita jente> (s. 170), men stiller elles ikkje opp noko oversyn over artikkelsystemet. I eit kortfatta omriss av Oslo bymål skriv Wiggen (1981: 32) at den ubestemte artikkelen i hokjønn er <e: / æi>, og han forklarar variasjonen slik: «Den diftongerte hunkjønnsvarianten varierer med e: i trykkstavinger, men brukes ikke i trykklette stillinger.» Bull (1982: 50) er inne på det same i si vesle bok om språket i Oslo: Den ubestemte artikkelen er /e/, men han kan òg verte uttala /æi/ «hvis den er sterkt betont» og som talord. I kapittelet sitt om Oslo bymål i *Den store dialektboka* viser Wiggen (1990: 183) likeleis til at den ubestemte artikkelen i hokjønn er «æi eller e».

Fleire skjønnlitterære framstillingar av oslomålet skrivne i nyare tid held fram praksisen frå tidlegare med å nytte både <e>, <e'> og <ei>, særleg i replikkar. Torill Thorstad Haugers halvdokumentariske bøker som er lagt til Kristiania omkring 1900, er eit typisk døme. I *Karl Eugen Olsen fra Vika* (1976) og *Krestiane Kristiania* (1984) finn vi både <e' lita dokke>, <e jente> (ved sida av <ei bikkje>, <ei stønn> og <ei rå'>). Tradisjonen med humoristiske, revyinspirerte småtekstar held òg fram i denne perioden. Eit døme er Arve Opsahl si samling av «frekkiser» (1991), der vi kan lese både om <ei lita stønn>, <e stønn>, <ei gammal kjerring> og <e eldre dame>.

Andre forfattarar er meir konsekvente: I Karsten Alnæs' roman *Kjempesnell og blå dager* (1981 b), som skildrar livet på austkanten i Oslo i 1950-åra, finn vi meir enn 250 tilfelle av <e> som hokjønnsartikkel. Varianten <ei> er derimot utan unnatak lagd i munnen på figurar med annan dialektbakgrunn.

Per Petterson, som jamt over skriv med mange talemålsinnslag som peikar i retning av oppveksten hans i Groruddalen nordaust i Oslo, brukar derimot ikkje monoftongform. I debutnovella frå midt på 1980-talet

(Pettersen 1986) brukar han t.d. <ei> i replikkane, og dette held han seg til òg i seinare utgjevingar. Det same gjeld Øistein Hølleland, som i dei talemålsprega barnebøkene *Erik, oppgang B, Nordlisvingen 3* (1979) og *Bruk hue, Erik* (1980) konsekvent brukar <ei> for å gje att hokjønnsartikkelen. Nokre år seinare kjem Unni Hellesøe med romanen *Hu'* (1988), skriven på det som forlaget kallar «et uforfalsket vikamål», og her er òg <ei> den einaste skrivemåten.

2.3 Nyare kjelder som kan kontrollerast mot lydopptak

Tekstlaboratoriet ved Universitetet i Oslo har digitalisert og gjort tilgjengeleg store delar av det materialet som vart samla inn i TAUS-prosjektet på byrjinga av 1970-tallet. Siktemålet for prosjektet var i si tid å granske sosiale skilnader i oslomålet (Hanssen mfl. 1978). Materialet er basert på uformelle intervju med oslofolk med ulik alder og ulik sosioøkonomisk bakgrunn. I vår samanheng er det særleg interessant å høyre korleis ein ung mann som vart intervjuva i samband med TAUS-undersøkinga, reflekterer over språktilhøva i byen: Etter ei kort utlegging om *a*-verb og *e*-verb er det genus som står for tur, og han fortel om det han meiner er påverknad frå skriftspråket: «fordi at ubestemt artikkel i hunkjøn (.) skal hete /e/ (.) for eksempel /e jente/, men den der kan du merke at det slår tilbake fra nynorsken for det oft- for /æi/ er begynt å bli m-tatt mer og mer i bruk her i byen òg» (TAUS-informant a03).

Denne utsegna er interessant både fordi ho illustrerer ei forventning om at hokjønnsartikkelen normalt vert realisert som /e/, og fordi ho tematiserer ei førestilling om at ein nyare uttale, /æi/, er resultatet av skriftspråkspåverknad. Om det er rett at påverknaden frå *nynorsken* er spesielt sterk, som informanten ser ut til å meine, vil nok andre stille seg tvilande til, men at det eksisterer ulike realiseringar av hokjønnsartikkelen i byen på denne tida, er derimot heilt klart. Ei slik forståing er allereie etablert i førre bolk, der vi såg på skriftlege kjelder, og ho vert forsterka når vi ser nærare på TAUS-materialet. Eit søk på *ei* i dette materialet avdekkjer nemleg både monoftongar og diftongar av ymse kvalitetar.

Før vi presenterer funna frå søket vårt i TAUS, og etter kvart funna frå eit korpus som ligg nærare oss sjølve i tid, er det naudsynt med nokre metodiske klargjeringar. TAUS er i likskap med dei fleste andre korpusa som Tekstlaboratoriet har tilrettelagd, kopla til søkjegrensesnittet Glossa (Nøklestad mfl. 2017). Her er lydfiler kopla til normalortografisk transkripsjon, og i somme høve òg ein fonologisk transkripsjon. Transkrip-

sjonane er morfologisk tagga. Ein har høve til å søkje både med utgangspunkt i grammatiske avgrensingar og med avgrensing ved hjelp av sosiale variablar som aldersgruppe, kjønn og bustad. Framgangsmåten vi brukte, var denne: Vi søkte på *ei* i korpuset og lasta ned ei konkordanseliste med informasjon om lingvistisk kontekst og informantkode, som vi deretter gjekk gjennom manuelt. Vi lytta til kvar førekomst som var transkribert som <ei>, og markerte korleis vi oppfatta at denne var realisert. Vi lytta høvesvis etter monoftong/diftong og i kva grad den (innleiande) fremre, urunda vokalen var halvtrong eller (halv)open. Førstnemnde markerte vi med bokstaven *e* og sistnemnde med bokstaven *æ*. Variantinventaret vi opererer med for den ubestemte feminine artikkelen, omfattar såleis /e/, /æ/, /ei/ og /æi/. I tillegg var vi opne for moglege mellomvariantar (jf. omtalen av Nordland 1954 i avsnitt 2.2). Når vi viser til søkjestrengen, dvs. ordforma *ei*, skriv vi *ei*, medan realiseringane er attgjevne mellom skråstrekar. Vi har ikkje gått systematisk gjennom dei fonologiske omgjevnadene til kvar førekomst, og vi har ikkje hatt høve til å gjere meir presise fonetiske målingar av realiseringane, heller ikkje når det gjeld det intonologiske. Det fonetiske detaljnivået får vere ei oppgåve for vidare forskning. Hovudformålet vårt her er å undersøkje i kva grad vi kan finne variasjon også i moderne kjelder frå oslomålet når det gjeld realiseringa av den ubestemte feminine artikkelen.

Det vi presenterer, er altså ei samanstilling av to personar sine fortolkingar av dei relevante lydopptaka. Sjølv om lyttarane i dette tilfellet er skolerte språkvtitarar, har det vore eit poeng for studien at han skal leggje seg nær inntil det ein kan rekne som «lekmannsperspeksjon», og såleis gje avkall på måleinstrument av alle slag. Lyttinga vart gjort i uavhengige økter, og så vart nedteikningane samanlikna før vi gjennomførte ein ny lytterunde i dei tilfella det var diskrepans i markeringane. Kvaliteten på lydopptaka varierer ganske mykje, og generelt kan ein seie at opptaks-situasjonane ikkje legg særleg godt til rette for fonetiske studiar. Det er mange nyansar som vert borte på grunn av dei akustiske forholda, og det er elles ved fleire tilfelle vanskeleg for det menneskelege øyret å skilje klart mellom ulike vokalkvalitetar. Nedanfor kjem det fram at det finst nokre treff der vi ikkje har vore i stand til å avgjere korleis realiseringa best skal kategoriserast.

At det kan vere vanskeleg både å fortolke eller å transkribere vokalar og diftongar, kjem fram i publikasjonar allereie på TAUS-undersøkinga si tid: «Diftongen æi kan veksle i uttalen og nærme seg monoftong, sær-

lig når den er trykklett. Derfor kan enkelte ord være skrevet forskjellig» (Hanssen mfl. 1976: 13). Det finst såleis døme på at ordformer er attgjevne forskjellig i skriftene frå TAUS, truleg òg avhengig av formålet. <Ei seng> (Hanssen 1982: 5) kan vi òg møte som <e seng> (Hanssen mfl. 1978: 66), der informantmarkeringa etterlèt liten tvil om at det dreiar seg om same senga (og ytringa). Lyttinga anno 2021 stør opp om /e/-realisering i dette konkrete tilfellet. Fleire av lydfilene er fonologisk transkriberte, og i desse tilfella har vi samanlikna vår fortolking med den som allereie er transkribert. Sidan korpuset ligg opent til bruk for forskning, står andre lesarar fritt til å kike oss i korta. Det at to uavhengige fortolkingar langt på veg synte seg å stø opp om kvarandre, er med på å gi ein grad av reliabilitet til korpusundersøkingane, men vi vil understreke at vi altså baserer oss på «naturlytting» utan bruk av spesialiserte måleinstrument.

2.4 Ei i TAUS

Eit søk på ordforma *ei* i den delen av TAUS-materialet som er tilgjengeleg via Glossa-grensesnittet og Tekstlaboratoriet på søkjetidspunktet, TAUS v.3, genererte i utgangspunktet 119 treff.¹⁴ Mengda av *ei* varierer mykje mellom informantane, og sjølv opptaka varierer i lengd og innhald. I alt 27 av totalt 86 informantar bidreg med bruksdøme i dette materialet. Vi fjerna fire tilfelle der *ei* var nektingsadverb, og tre tilfelle der forma er ramma inn metaspråkleg eller inngår i parodi eller stilisering, som i dømet: «ævv ævv ævv ævv oi oi oi oi eg har fått ei flis i labba mi [latter]» (informant b36). Da stod vi att med 112 treff. Blant desse er seks tilfelle der *ei* eintydig er brukt pronominelt eller som talord, t.d. i utsegner som «[jeg har to søstre] /ɛ/ søster på (stadnamn) og /ɛ/ på (stadnamn)» (a43). Bull (1981) og Wiggen (1982) si skildring av at den diftongerte hokjønnsvarianten varierer med /ɛ/ i trykkstavingar, ser med andre ord ut til å halde stikk. Men påstanden om at diftongen ikkje vert brukt i trykklett stilling, er meir tvilsam. Sjølv om nokre informantar ser ut til å føre-trekkje ein spesifikk realiseringsmåte av *ei*, finst det unntak i kvart tilfelle. Same informant kan med andre ord fint seie både «æi hytte» og «e hytte», utan at trykktilhøva ser ut til å vere avgjerande. Informant a02 er eit eks-

14. Talet på dei andre artiklane (ureinska og med atterhald om at det i tillegg til talord t.d. kan vere eit par tilfelle av verbet *ete* eller pronomenet *en*, eller anna, inne i biletet) er 3844 *en* og 1327 *et*.

empel, og informant a43 som vi nettopp hørde frå, serverer òg døme som: «Det har vært /æi/ hyggelig gate».

Eit oversyn over korleis realiseringane fordeler seg på høvesvis halvtrong (/e/) eller (halv)open (/æ/) fremre, urunda vokal, og på diftong eller monoftong, kjem fram av tabell 1. I tillegg til dei 106 førekomstane som er systematiserte i tabell 1, kjem seks døme på det vi kan kalle «mel-lomvariantar», der vi ikkje var i stand til å avgjere om realiseringa var monoftong eller diftong.

Tabell 1: Realisering av ei i TAUS

e	41	ei	1
æ	16	æi	48
Monoftong totalt:	57	Diftong totalt:	49

Inntrykket er at oslomålet på TAUS si tid (altså om lag midt i 1970-åra) var prega av variasjon særleg mellom formene /e/ og /æi/ som realisering av den feminine ubestemte artikkelen, med ei ørlita overvekt av monoftongrealiseringar. Som nemnt ovanfor inngår seks tilfelle av at *ei* mest truleg er brukt som talord, i materialet, og nokre av førekomstane har emfatisk trykk. Det er, så langt vi kan sjå, ingen systematikk som tilseier at trykktilhøva er avgjerande for kva form som vert brukt. Det er derimot mogleg å sjå eit mønster i fordelinga av *ei*-realiseringar knytt til dei sosiale variablane (jf. tabell 2). Det er berre 12 av dei 27 informantane som brukar den feminine artikkelen, som ein eller fleire gonger realiserer han som /e/. Desse er markerte med grå celler i tabell 2. Av dei tolv er det ti menn, som med eitt unntak er busett i Oslo aust, og dei fleste av dei har si høgste utdanning på folkeskulenivå. Materialet er ikkje stort nok til at ein kan generalisere overtydande, men det er iallfall ein tydeleg tendens at realiseringa /e/ kan koplast til tradisjonelle arbeidarklassemiljø i Oslo. At trekket er utprega maskulint, er likevel heller tvilsamt, for to kvinner brukar òg dette trekket, og den mest ihuga brukaren av forma /e/ i heile materialet er kvinne (a43). Når det gjeld alder, er det interessant å sjå at eit søk på ordforma *ei* gir treff hos berre éin informant i TAUS' C-serie, det vil seie ungdomsinformantar i 16–17-årsalderen. Det kan vere fleire årsaker til dette, men kanskje er det ein tendens som peikar mot ei pågå-

ande endring. Her kan nyare data truleg gi nokre svar, og i neste del skal vi nettopp sjå på eit nyare korpus.

Tabell 2: Oversyn over informantar i TAUS som brukar ei, kopla med sosiale variablar. Dei grå cellene markerer informantar som har /e/-realisering minst éin gong. I dei felte som er tomme, manglar den relevante informasjonen.

	Kjønn	Alder	Bustad	Utdanning	Yrke
a02	M	26	Vest	Akademisk utd.	Student
a03	M		Aust		
a06	M		Aust		
a10	M	56	Aust	Folkeskule	Fagarbeidar
a12	M				
a15	M	55	Aust	Folkeskule	Fagarbeidar
a19	M		Aust		
a20	M	61	Aust	Folkeskule	Fagarbeidar
a29	K	55	Aust	Handelsutd.	Husmor
a33	M	57	Aust	Folkeskule	Fagarbeidar
a36	K	75	Aust	Folkeskule	Pensjonist
a38	M	38	Aust	Folkeskule	Funksjonær
a42	M	65	Aust		
a43	K	65	Aust	Folkeskule	Pensjonist
a44	M	34	Aust	Låg. Allmenn	Funksjonær
bo1	M	25	Aust	Fagutdanning	Fagarbeidar
bo3	M	26	Aust	Fagutdanning	Fagarbeidar
bo4	M	21	Aust	Låg. Allmenn	Funksjonær
bo6	M	22	Aust	Høg. Allmenn	Student
bo8	M	24	Aust	Gymnas	Student
b12	K	20	Aust	Låg. Allmenn	Fagarbeidar
b13	K	22	Aust	Høg. Allmenn	Fagarbeidar
b26	K	24	Vest	Låg. Allmenn	Funksjonær
b27	K		Vest	Fagutdanning	Anna
b35	M		Aust		
b36	M		Aust	Låg. Allmenn	
co4	M	17	Aust		Elev

2.5 *Ei i NoTa-Oslo*

Vi gjentok prosedyren som er skildra ovanfor, på eit nyare talemålskorpus, NoTa-Oslo-korpuset, laga av Tekstlaboratoriet i perioden 2004–2006, det vil seie drygt tretti år – eller om lag ein generasjon – etter at TAUS-materialet vart samla inn. Dette korpuset består av intervju og samtalar med 166 informantar fødde og oppvaksne i Oslo-området. Intervjua er inspirerte av TAUS. Informantane er nokolunde jamt fordelte med omsyn til alder, kjønn, bustad og utdanning. Tre ulike aldersgrupper er representerte, frå ungdomar via vaksne til godt vaksne (51+). Den unge TAUS-informanten som meinte å sjå konturane av ei endring i oslomålet frå /e/ til /æi/, ser her ut til å få rett i spådomen sin: NoTa-materialet viser at ein generasjon etter er diftongvariantane i fleirtal (sjå tabell 3).

Eit første søk i NoTa gir 133 treff.¹⁵ I alt 45 informantar brukar ordforma *ei* éin eller fleire gonger. Vi reinska treffa på same måte som for TAUS, dvs. ved å luke ut negasjonsadverb, døme på stiliseringar og eit par feiltranskriberte treff.¹⁶ Etter reinskinga stod vi att med 113 treff. I tillegg til dei 108 førekomstane i tabell 3 kjem fem «mellomvariantar».

Tabell 3: Realisering av *ei* i NoTa-Oslo

<i>e</i>	27	<i>ei</i>	2
<i>æ</i>	8	<i>æi</i>	71
Monoftong totalt:	35	Diftong totalt:	73

Som i TAUS-materialet er det framleis realiseringane /e/ og /æi/ som ser ut til å vere dei føretrekte blant oslofolk. Noko har likevel endra seg. NoTa-korpuset er større enn TAUS-korpuset (NoTa: 166 talarar og 957000 ord / TAUS v.3: 86 talarar og 387551 ord). Da talet på *ei*-førekomstar er om lag det same i dei to korpusa, kan det tyde på ein generell nedgang i bruken av *ei* (versus *en*). Vi skal ikkje trekkje dei største slutningane basert på eit noko avgrensa datagrunnlag, men denne tendensen stemmer overeins med forskning som peiker på ei svekking av feminin-

15. Talet på dei andre artikkelane (med atterhald om at det t.d. kan vere eit par tilfelle av verbet *ete* eller pronomenet *en*, eller *anna*, inne i biletet) er 7585 *en* og 9097 *et*.
16. I tillegg valde vi å fjerne dei ti *ei*-førekomstane frå ei ung kvinne (informant 039) med tydeleg dialekttilhøyrsel eit godt stykke utanfor Oslo-området. For ordens skuld kan vi slå fast at alle hennar *ei*-realiseringar var lette å kategorisere som /æi/.

kategorien (t.d. Lødrup 2011). Forholdstalet mellom *ei* og dei andre artiklane tyder òg på dette, der eit grovt overslag syner at «*ei*»-delen søkk frå om lag 2,2 % av alle artiklane samla til 1,3 % i tida mellom dei to korpusa (jf. fotnote 14 og 15).

Vi ser òg ein tendens til svekking i omfanget av realiseringa /e/. Det er færre /e/ i NoTa enn i TAUS – eller relativt større del /æi/, om ein vil. Det er heller ikkje her noko eintydig mønster når det gjeld trykkplasing, anna enn at vi finn berre eitt tilfelle av /e/ brukt som talord, samanlikna med dei iallfall seks tilfella i TAUS. Når vi ser på dei sosiale bakgrunnsvariablane, er tendensane interessante. Det er berre to tilfelle av monoftongvariantar i den yngste aldersgruppa, og begge frå same informanten. Dei aller fleste tilfella av /e/ finn vi blant menn i aldersgruppa 51+. Som i TAUS er det i det heile tatt flest menn som brukar /e/. Samstundes er den mest stabile /e/-brukaren, i tydinga den med minst intraindividuell variasjon, her – som i TAUS – ei vaksen kvinne.

Monoftongrealiseringa /e/ er med andre ord framleis ein del av oslo-målet på starten av 2000-talet, men primært i bruk blant vaksne og godt vaksne språkbrukarar. Det er ikkje mogleg å sjå noko eintydig mønster korkje når det gjeld utdanningsnivå eller bustadmønster i byen blant /e/-brukarane, sjølv om det overordna mønsteret når det gjeld dei totalt 133 treffa på *ei*-bruk, fordeler seg noko ujamt, med 88 i Oslo aust og berre 45 i bydelar som vert rekna som Oslo vest. Koplinga til ein (maskulin) arbeidarklasseindeks er med andre ord framleis mogleg å spore, men blant dei yngste språkbrukarane har denne meir eller mindre forsvunne. Med det førnemnde eine unntaket seier dei totalt 11 *ei*-brukande ungdommane i NoTa-korpuset /æi/.

I materialet som vart samla inn i Oslo aust eit par år etter NoTa-materialet, i samband med prosjektet *UPUS (Utviklingsprosessar i urbane språkmiljø)* (jf. t.d. Opsahl og Nistov 2010), var det som nemnt innleiingsvis ingen *ei*-brukarar å spore i det heile. Eit to-genussystem ser med andre ord ut til å ha god grobotn i Oslo den kommande generasjonen, men framleis er det *ei* i omløp, både med realiseringa /e/ og /æi/. Sjølv om realiseringa /æi/ har vorte meir og meir vanleg, tyder likevel det at *ei* forsvinn, i praksis at både /e/ og /æi/ forsvinn. Denne dynamikken vert sjeldan trekt fram og gjort eksplisitt i skildringar av den ubestemte hokjønnartikkelen, verken i studiane frå Oslo eller i studiane frå andre talemålsområde, som vi refererte til innleiingsvis i artikkelen.

3 Avsluttande diskusjon

Vi har i denne framstillinga tatt for oss ei mengd kjelder av nokså varierende karakter for å kaste lys over realiseringa av ubestemt hokjønnsartikkel i Oslo – med særleg vekt på variasjon *innanfor* denne kategorien. At det er ein del usikkerheit knytt til verdien av særleg dei litterære kjeldene, har vi vore opne om tidlegare i framstillinga, men vi meiner like fullt at den lange tradisjonen med omfattande bruk av skrivemåtar som <e'> og <e> gjev eit klart inntrykk av kor typisk ei monoftongert uttaleform må ha vore i Kristiania/Oslo i storparten av det halvtanna hundreåret vi har studert kjelder frå. I dei kjeldene som kan kontrollerast mot talemålskorpus, har vi funne støtte for dette inntrykket, og vi meiner det står klart at den dominerande forma på den ubestemte hokjønnsartikkelen i Oslo langt framover på 1900-talet har vore /e/. I perioden da TAUS-materialet vart samla inn på 1970-talet, ser det ut til at /e/ og /æi/ levde side om side nokså jambyrdige. Dette er, som vi har peika på ovanfor, ikkje ei nyoppdaging, men det er likevel verdt å løfte fram denne observasjonen. Ikkje minst fordi nyare studiar har subsumert variasjon under typen *ei* utan vidare kommentarar.

Som vi var inne på innleiingsvis, treng det naturlegvis ikkje vere noka alvorleg unnlatingssynd å sjå bort frå variasjon på denne måten; tvert imot finst det mange gode grunnar til å ta slike «beinvegar» i språkvitenskaplege analysar. Men også granskingar som i utgangspunktet legg lite vekt på variasjon per se, og som heller konsentrerer seg om systemnivået, eller enkelt sagt driv med grammatisk utforsking, kan vinne på å unngå «mysande» abstraheringar av denne typen. Kva som potensielt kan vere problematisk med å miste visse aspekt av den eksisterande variasjonen av syne, er tema for denne siste bolken av artikkelen. Det er minst to forhold som krev merksemd i ei slik drøfting. Det eine, som vi kjem attende til mot slutten, er at variasjon i formrealiseringa kan verke på den fonologiske sida ved endringar i inventaret i genuskategorien. Det andre er at ei bestemt realisering kan ha eit meningspotensial, eller ein sosial indeks, som kan ha innverknad på endringsretning og -tempo.

Språkets *indeksikalitet*, eller det sosiale meningspotensialet til språket, er eit sentralt omgrep innan moderne sosiolingvistik (jf. t.d. Eckert 2008). Språklege trekk er meningsberande på den måten at dei utløyser assosiasjonar til – eller forventningar om – den sosiogeografiske tilhørsdelen til personen som brukar eit bestemt språktrekk. Slike koplingar

kan òg inkludere typiske eigenskapar, attributt, verdiar, osv. Koplingane vert skapte på bakgrunn av dei erfaringane ein har med individ eller grupper som uttrykkjer seg på ein bestemt måte, og heng tett saman med stereotypdanning. Indeksikaliteten vert skapt og fortolka gjennom sosial praksis, i ein bestemt sosiohistorisk samanheng, og meininga til språktrekka er såleis ikkje berre ein passiv refleks av sosiale bakgrunnsvariablar.

Genuskategorien, og ikkje minst bruken av femininformar, har vorte assosiert med bestemte praksisar og tilhøyrser til ulike identitetskategoriar (Fløgstad og Eiesland 2019, Opsahl 2021). Tre konkrete døme kan vere korleis somme typar genusvariasjon indekserer tilhøyrser til fleirspråklege, urbane miljø; korleis fråveret av femininum har kunna indeksere geografisk tilhøyrser i Bergen, eller korleis opphoping av femininformar i ein periode av etterkrigstida kunne indeksere ein venstreradikal politisk ståstad. Innhaldet i genuskategorien kan såleis seiast å ha ein tydeleg indeksikalitet i sosiolingvistisk forstand. Når variasjonen *innanfor* femininum-kategorien har gått under radaren til målgranskarane så pass mykje som han har, må vi sjå det som eit uttrykk for at t.d. monoftongert uttale ikkje har vore knytt til ein tydeleg indeksikalitet. Dei ulike realiseringane har altså ikkje bore med seg koplingar til sosiale kategoriar i så sterk grad at dei har vorte oppfatta som variablar på line med t.d. [\pm retrofleks flapp]. Mykje tradisjonell variasjon i oslomålet har vore knytt til ein geografisk dimensjon, der visse trekk har indeksert høvesvis «austkant» eller «vestkant» (sjå t.d. Opsahl og Røyneland 2009, Stjernholm 2013). Variasjonen i realiseringa av den ubestemte hokjønnsartikkelen er ikkje like lett å relatere til denne aksen. Det er eit mønster at overgang til hankjønnsbøying er eit meir typisk «vestkantfenomen», slik m.a. Lødrup (2011) gjer greie for, men hokjønnsartikkelen kan ein framleis støyte på både som /e/ og /æi/ i vest òg, og det er iallfall vanskeleg å sjå klare teikn til at distinksjonen /e/–/æi/ vert assosiert med ulike geografiske tilhøyrslar innanfor byen. Vi kan heller ikkje sjå ein tydeleg korrelasjon med kjønnskategorien, sjølv om det er ei viss overvekt av mannlege /e/-brukarar i materialet vi har undersøkt.

Medan fødestad langt på veg var avgjerande for kva for varietet av oslomål ein snakka tidlegare, er bruken av trekk frå anten aust- eller vest-varieteteten i dag kopla til livsstils- og språkval, skriv Stjernholm (2013: 5). Realiseringa av hokjønnsartikkelen som /e/ ser frå dataa ut til å vere knytt til noko tradisjonelt urbant, opphaveleg, som høyrer fortida til. Dei

mange populærlitterære døma som løfter fram /e/, ber bod om at skilnaden mellom /e/ og /æi/ ikkje har vore uvesentleg for «oslofolk flest». Om dette vitnar òg utsegna frå TAUS-informanten som vi siterte ovanfor (2.3). Denne einskildspråkbrukaren kan sjølv sagt berre tale for seg sjølv, men det er verdt å merke seg korleis han peikar på at varianten /æi/ på intervjutidspunktet er i ferd med å utkonkurrere /e/. Dermed viser han medvit om 1) at det dreiar seg om ein meningsfylt kontrast som folk kan oppfatte, 2) at den eine varianten ligg framfor den andre i eit diakront perspektiv, og 3) at «nykomlingen» (diftongvarianten) har kopling til (eller opphav i) skriftspråket.

Koplinga til skriftdimensjonen og den potensielle påverknaden frå skriftnormenes *ei* er etter alt å døme ein sentral og farbar veg for vidare forskning, men vi skal ikkje gå vidare inn på dette poenget her. Når det gjeld dei andre to observasjonane, kan vi langt på veg gje informanten rett: Hovudinstrykket frå dei kjeldene vi har gjennomgått, er at det gjev god mening å skilje mellom (minst) to variantar, og i eit historisk perspektiv har monoftongvarianten etter kvart tapt mykje terreng til diftongvarianten – før heile kategorien i nyare tid har gått langt i å verte fortrengd av hankjønnsvarianten. Men sjølv om vi ser at /e/-uttalen har vorte mindre frekvent over tid, både basert på talemålscorpusa og andre kjelder, er det klart at variasjonen på dette punktet i Oslo ved inngangen til dette tusenåret var større enn det ein først kunne førestille seg. Det er ikkje berre i karikerande skjemtetekstar og stiliserte skjønnlitterære replikkar at monoftongvarianten av hokjønnsartikkelen dukkar opp. Han er òg framleis å finne i repertoaret til eit representativt utval oslofolk. Og vi kan dessutan påvise ei anna rørsle internt i denne kategorien: Som vi såg ovanfor, vart det på byrjinga av 1980-talet hevda at diftongen ikkje vert brukt i trykklett stilling, men i perioden fram mot vår tid har /æi/-realiseringa breidd seg i trykklett posisjon og er på byrjinga av 2000-talet med få unntak den einaste forma blant unge *ei*-brukarar.

Bortsett frå at /e/-varianten jamt over er tett knytt til brukskontekstar prega av humor, folkelegheit og lokalkoloritt, er det vanskeleg å peike ut kva indeksikalsk felt denne variasjonen inngår i. Men det er ikkje dermed sagt at distinksjonen er ubetydeleg. Vi ser konturane av eit meningspotensial her, eller nettopp ein sosial indeks, som koplår realiseringa /e/ til ein tradisjonell austleg, kanskje helst maskulin arbeidarklasseidentitet, men i nokre tilfelle også til ein alder, til ei eldre, munnrapp dame. Med andre ord er det er eit fascinerande samanfall mellom dei typekarakteristi-

stikkane og den «Oschlo-tonen» vi kan finne i ein del av litteraturen, og dei faktiske talarane vi møter i korpus.

Når ein i seinare tid har jakta etter [\pm hokjønnskategori] i oslomålet, ser det ut til at ein har retta lite merksemd mot den distinksjonen vi her har kasta lys over, og som altså dreiar seg om tilhøve internt i kategorien hokjønn. Vi trur som sagt ikkje at dette har hatt uheldige følgjer for dei granskingane som er gjorde, men det kan vere verdt å tenkje over om det å føresetje sambandet *hokjønn = ei = /ai/* kan leggje problematiske føringar for korleis ein handsamar empirien. Og her kjem vi til poenget om det fonologiske inventaret og endringar, som vart varsla ovanfor. For å setje det på spissen: Vegen frå /e/ til /en/ er kort. Den korpusgjenomgangen vi har gjort, viser at også skilnaden mellom /e/- og /en/-realiseringar kan vere vanskeleg å fange opp, og i minst eit par tilfelle luka vi ut ordformer transkriberte som <ei>, som vi etter gjentatt lytting identifiserte som /en/. Ei oppgåve for vidare forskning vil vere å gå gjennom dei mangfaldige tilfella av *en*-transkripsjonar og sjå om fleire /e/ (og dermed *ei*) ligg til grunn.

I denne framstillinga har vi fordjupa oss i språksamfunnet Oslo, men det er grunn til å oppmode om at det same medvitet om meningsfylt variasjon skal få ein sentral plass i utforskinga av grammatisk genus også i andre språksamfunn. Når hankjønnskategorien «et seg inn i» hokjønnskategorien i Tromsø og Trondheim, er det da utelukkande /en/ som vinn fram, eller kan ein òg sjå tilfelle av diftongvariantar, som vi veit har lang tradisjon i begge målføreområda (jf. Dalen 1978, Bull 1990)? Kan /ei/ utan vidare erstattast av /ein/, eller er det berre /en/ som er mogleg? Og i så fall: Korleis kan det forklarast?

Skal vi forstå alle aspekt ved slike endringstendensar, må vi ta innover oss fleire sider ved det språklege uttrykket, for det at ein ung trondheimar seier «/en/ sol» (og ikkje «/ein/ sol»), kan i seg sjølv vere av interesse – utover det faktum at hokjønnskategorien ser ut til å verte skipla. Dersom ein mistar variasjonsbreidda i dei konkrete realiseringane ut av syne, risikerer ein å få mindre å hjelpe seg med i jakta på forklaringar.

Kjelder

Korpus

- NoTa-Oslo: Norsk talespråkskorpus – Oslodelen, Tekstlaboratoriet, ILN, Universitetet i Oslo. <http://www.tekstlab.uio.no/nota/oslo/index.html>
- TAUS: Talemålsundersøkelsen i Oslo. <http://www.tekstlab.uio.no/nota/taus/index.html>

Litteratur

- Alnæs, Karsten. 1981 a. Språket i Oslo: Kulturarv med lav prestisje. *St. Hallvard* 2/3, 165–171.
- . 1981 b. *Kjempesnell og blå dager*. Oslo: H. Aschehoug & Co.
- Beito, Olav T. 1954. *Genusskifte i nynorsk*. Oslo: J. Dybwad.
- . 1963. *Norske målføretekster*. Skrifter frå Norsk målførearkiv XVIII. Oslo: Universitetsforlaget.
- Bergh, Ludvig. 1898. *Gjennem byen*. Kristiania: J. Fredriksons forlag.
- Bull, Tove. 1990. Målet i Troms og Finnmark. I: *Den store dialektboka*, red. Ernst H. Jahr, 157–176. Oslo: Novus forlag.
- Bull, Trygve. 1982. *Språket i Oslo*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Busterud, Guro, Terje Lohndal, Yulia Rodina og Marit Westergaard. 2019. The loss of feminine gender in Norwegian: A dialect comparison. *Journal of Comparative Germanic Linguistics* 22, 141–167. doi.org/10.1007/s10828-019-09108-7
- Busterud, Guro, Terje Lohndal, Yulia Rodina og Marit Westergaard. 2020. Hvor mange genus er det i Trondheims-dialekten? *Maal og Minne* 2020 (hefte 2), 1–36.
- Bø, Finn. 1961. *I Tigerstadens jungel*. Oslo: H. Aschehoug & Co.
- Christophersen, Paul. 2008. Jespersen's Grammatical Theory. I: *Encyclopedia of the Linguistic Sciences: Issues and Theories*, red. Vennelakantı Prakāśam, 57–62. New Delhi: Allied Publishers Private Limited.
- Dalen, Arnold. 1978. *Trondheimsmålet*. Trondheim: Nidaros Mållag.
- Dunker, Conradine B. 1871. *Gamle dager. Erindringer og tidbilleder*. Kjøbenhavn: Gyldendalske Boghandel.
- Eckert, Penelope. 2008. Variation and the indexical field. *Journal of Sociolinguistics* 12(4), 453–476. doi.org/10.1111/j.1467-9841.2008.00374.x

- Eckert, Penelope og William Labov. 2017. Phonetics, phonology and social meaning. *Journal of Sociolinguistics* 21(4), 467–496. doi.org/10.1111/josl.12244
- Eithun, Bjørn. 1979. Osloomålet og bokmålet. *Mål og makt* 3, 38–45.
- [Flatabø, Jon.] 1891. *Kristiania-romanen. Sjildrende fortællinger av hovedstadens nyeste og mest yndede forfattere*. Lillestrøm: Eduard Lie's Bogtrykkeri.
- Fløgstad, Guro og Eli Anne Eiesland. 2019. Gender shift in a Norwegian diminutive construction. *Nordic Journal of Linguistics* 42(1), 57–85. doi.org/10.1017/S0332586519000040
- Hanssen, Eskil. 1982. *Taleglipp*. Talemålsundersøkelsen i Oslo (TAUS). Skrift nr 7. Oslo: Novus forlag.
- Hanssen, Eskil, Ernst H. Jahr, Olaug Rekdal og Geirr Wiggen. 1976. *Vanli oslomål vel, ei samling tekster fra Talemålsundersøkelsen i Oslo*. Oslo: Novus forlag.
- Hanssen, Eskil, Thomas Hoel, Ernst H. Jahr, Olaug Rekdal og Geirr Wiggen. 1978. *Osломål. Prosjektbeskrivelse og syntaktisk analyse med henblikk på sosiale skilnader*. TAUS skrift nr. 6. Hovedrapport. Oslo: Novus forlag.
- Hanssen, Jonas. 1902. *Norsk grammatik til skolebrug*. Skien: J. Hanssen.
- Hanssen, Karen. 1920. *12 sjømandsviser av Nicolette*. Kristiania: H. Erichsen & Co.
- [Hanssen, Karen.] 1935 a. *Humoristiske sketcher av Nemo og Gutta Perka ved Nicolette. I*. Oslo: Olaf Norlis Forlag.
- [Hanssen, Karen.] 1935 b. *Humoristiske sketcher av Nemo og Gutta Perka ved Nicolette. 2*. Oslo: Olaf Norlis Forlag.
- [Hanssen, Karen.] 1935 c. *Humoristiske sketcher av Carl Figge og Gutta Perka ved Nicolette. 3*. Oslo: Olaf Norlis Forlag.
- [Hanssen, Karen.] 1937. *Humoristiske sketcher av Gutta Perka ved Nicolette. 7*. Oslo: Olaf Norlis Forlag.
- Hauger, Torill T. 1976. *Karl Eugen Olsen fra Vika*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- . 1984. *Krestiane Kristiania*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Hellesøe, Unni. 1988. *Hu'*. Oslo: Tiden Norsk Forlag.
- Hofgaard, S[imon] W. 1879. *Norsk grammatik til skolebrug*. Kristiania: H. Aschehoug & Co.
- Hoftvedt, Bjørn O. 1980. Noen trekk ved formell og uformell språkbruk i Oslo-mål. *Norskraft* 29, 27–45.

- Holen, Ola. 1895. *Norske bladfolk. Billeder og karakteristikker*. Kristiania: J.M. Stenersen & Co.
- Jensen, Alfred E. 1916. Bemerkninger til dagligtalen i Kristiania. *Maal og Minne*, 60–89.
- Jensen, Lars O. 1930. *Norsk sproglære*. Bergen: F. Beyers forlag.
- Just, Carl. 1945. *Litteraturen om Oslo 1651–1942*. Oslo: N.W. Damm & Søn.
- . 1963. Axel Maurer. *Byminner [: tidsskrift for Oslo museum]*, 12–15.
- Knudsen, Knud. 1856. *Haandbog i Dansk-Norsk Sproglære*. Kristiania: J.Chr. Abelsted.
- Knudsen, Trygve. 1928. Om sproget i Oslo. *St. Hallvard*, 34–48.
- Kvam, Lorentz N. 1938. *Vaterlands melodi*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- [Kølle, Christian]. 1785. *Compendium grammaticæ latinæ eller Kort Udtog af den latinske Sprog-Lære*. Christiania: J.Ø. Berg.
- Larsen, Amund B. 1907. *Kristiania bymål. Vulgærsproget med henblik på den utvungne dagligtale*. Kristiania: Cammermeyer.
- Larsen, Amund B. d.y. 1928. *Om Oslo-måle*. Oslo: Oslo Mållag. [Trykt på nytt i *Mål og Makt* 1974]
- Lundquist, Bjørn, Yulia Rodina, Irina A. Sekerina og Marit Westergaard. 2016. Gender Change in Norwegian Dialects: Comprehension is affected before Production. *Linguistics Vanguard* 1. doi.org/10.1515/lingvan-2016-0026
- Lykke-Seest, Peter. 1898. *Under paddehatten. Kristiania-roman*. Kristiania: J. Fredriksons forlag.
- . 1915. *Det gjenfundne landet*. Kristiania: H. Aschehoug & Co (W. Nygaard).
- . 1923. *Huset i Gamlebyen*. Kristiania: H. Aschehoug & Co (W. Nygaard).
- . 1924. *Ludvig Ludvigsen*. Kristiania: H. Aschehoug & Co (W. Nygaard).
- Lødrup, Helge. 2011. Hvor mange genus er det i Oslo-dialekten? *Maal og Minne* 2011 (hefte 2), 120–136.
- Maurer, Axel. 1907. *Kristiania-viser*. Kristiania: J.C. Holsts Forlag.
- . 1925. Kirkeklokkerne. *Theaterkatten* 27, 18–20.
- Mauritzen, August. 1979. *Toner fra Tigerstaden. Musikk, mennesker og miljø fra Oslos revyliv 1905–1978*. Oslo: Fabritius Forlagshus.

- Mørch, Claus. 1904. *Fra mit politiliv. Typer og situationer*. Kristiania: J. Dybwad.
- Nordland, Odd. 1954. Språknormer hos Oslo-barn, et eksperiment med en billedprøve. *Maal og Minne*, 162–187.
- Nøklestad, Anders, Kristin Hagen, Janne B. Johannessen, Michal Kosek og Joel Priestley. 2017. A modernised version of the Glossa corpus search system. I: *Proceedings of the 21st Nordic Conference on Computational Linguistics (NoDaLiDa)*, red. Jörg Tiedemann og Nina Tahmasebi, 251–254. Göteborg: Göteborgs universitet.
- Opsahl, Arve. 1991. *Mine beste frekkiser og andre muntre historier*. Oslo: Ex Libris.
- Opsahl, Toril. 2021. Dead, but Won't Lie Down? Grammatical Gender among Norwegians. *Journal of Germanic Linguistics* 33(1), 122–146. doi: 10.1017/S1470542720000070
- Opsahl, Toril og Ingvild Nistov. 2010. On Some Structural Aspects of Norwegian Spoken among Adolescents in Multilingual Settings in Oslo. I: *Multilingual urban Scandinavia: New Linguistic Practices*, red. Pia Quist og Bente A. Svendsen, 48–63. Bristol: Multilingual Matters.
- Opsahl, Toril og Unn Røyneland. 2009. Osloungdom – født på solsiden eller i skyggen av standardtalemålet? *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 27(1), 95–119.
- Pedersen, Rocambole. 1941. *Den forsvunne pølsemaker*. Tredje utgåva. [Første utgåva frå 1919] Oslo: H. Aschehoug & Co.
- Petterson, Per. 1986. Jeg er vel ikke spedalsk heller. I: *Signaler*, red. Lars Saabye Christensen, 12–19. Oslo: J.W. Cappelens forlag.
- Professor Bills. 1888. *For Privattheateret. Nyt og gammelt*. Kristiania: Alb. Cammermeyer.
- Rodina, Yulia og Marit Westergaard. 2015. Grammatical gender in Norwegian: Language acquisition and language change. *Journal of Germanic Linguistics* 27(2), 145–187. doi.org/10.1017/S1470542714000245
- Rose, Einar. 1941. *Rose-boka*. Oslo: Ernst G. Mortensen.
- . 1954. *Ingen rose uten torner*. Oslo: J.G. Tanum.
- Seip, Didrik A. 1952. *Omstridde spørsmål i norsk språkutvikling*. Oslo: Fabritius & Sønner.
- . 1958. Om grammatisk kjønn i norsk. I: *Aktuelle spørsmål i norsk språkutvikling*, Didrik A. Seip, 10–49. Oslo: J.W. Cappelens forlag.
- Sfinx. 1899. *Vi og Voreses*. Kristiania: Det norske Aktieforlag.

- . 1917. «Vaat» jargon. Litt moderne sproghistorie. *St. Hallvard*, 136–143.
- . 1929. *Sokkeret mitt og andre*. Oslo: H. Aschehoug & Co.
- Sinding-Larsen, Alfred. 1903. *Olaves Pedersens viser*. Kristiania: Cammermeyers forlag.
- Skulerud, Olai. 1924. Sør-austlandske målføre etter av samlingar av Johan Storm. I: *Festskrift til Amund B. Larsen*, 1–72. Kristiania: H. Aschehoug & Co.
- Stjernholm, Karine. 2013. *Stedet velger ikke lenger deg, du velger et sted. Tre artikler om språk i Oslo*. Doktorgradsavhandling (ph.d.). Oslo: Universitetet i Oslo.
- Thuesen, Arthur. 1960. *Beslaglagte og supprimerte bøker vedrørende Norge*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Torp, Arne. 2003. Frekvens, trykkløstet og reduksjon. I: *Språk i endring. Indre norsk språkhistorie*, red. Jan Terje Faarlund, 219–254. Oslo: Novus forlag.
- Trudgill, Peter. 2013. Gender maintenance and loss in Totenmälet, English, and other major Germanic varieties. I: *In Search of Universal Grammar*, red. Terje Lohndal, 77–108. Amsterdam: John Benjamins.
- Vanvik, Arne. 1979. *Norsk fonetikk. Lydlæren i standard østnorsk supplert med materiale fra dialektene*. Oslo: Fonetisk institutt, Universitetet i Oslo.
- Westergaard, Marit og Yulia Rodina. 2016. Hvor mange genus er det i Tromsødialekten? *Maal og Minne* 2016 (hefte 2), 159–189.
- Western, August. 1921. *Norsk riksmåls-grammatikk for studerende og lærere*. Kristiania: H. Aschehoug & Co.
- Wiggen, Geirr 1981. *Oslo bymål. Ei lærerrettleiing*. [Oslo: Skolesjefen i Oslo / Pedagogisk senter.]
- . 1982. En Oslomåls-bibliografi. *Maal og Minne*, 82–93.
- . 1990. Oslo bymål. I: *Den store dialektboka*, red. Ernst H. Jahr, 179–185. Oslo: Novus forlag.
- . 2007. Reflekser av Christiania bymål i Harald Meltzers «Politinotiser» og «Smaa Næringskilder i og omkring Christiania». I: *Å sjå samfunnet gjennom språket. Heidersskrift til Helge Sandøy på 60-årsdagen 14.06.2007*, red. Gunnstein Akselberg & Johan Myking, 237–245. Oslo: Novus Forlag.
- . 2012. Kristianiamål-fremmede former i Sfinx-petitene fra 1890-tallet. I: *Grammatikk, bruk og norm. Festskrift til Svein Lie på 70-årsdagen*, 15.

april 2012, red. Hans-Olav Enger, Jan Terje Faarlund og Kjell Ivar Vannebo, 305–322. Oslo: Novus Forlag.

Abstract

Several studies of grammatical gender in Norwegian have given much attention to the inventory of the category «indefinite article». These types are typically referred to as *ein* (m.), *ei* (f.) and *eit* (n.). This paper claims that variation within these types can be crucial in the search for explanatory factors for changes within the gender category. The present study investigates the actual realizations of the feminine article in Oslo over the last couple of centuries. The data are both representations from fictional texts and scientific descriptions of the Oslo dialect, in addition to modern spoken corpus data. The variation that is revealed, is seldom mentioned in recent examinations of the gender system in Oslo. This kind of variation omission by way of subsuming is not found to have obvious unfortunate consequences for the analyses in the Oslo context. However, the paper argues that an increased awareness of variation within the linguistic realizations of the articles is important for further research on grammatical gender in other dialect areas.

Stian Hårstad
Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet (NTNU)
Institutt for språk og litteratur
NO-7491 Trondheim
stian.haarstad@ntnu.no

Toril Opsahl
NTNU og Universitetet i Oslo
MultiLing – Senter for fleirspråklegheit
Institutt for lingvistiske og nordiske studium
Boks 1102 Blindern
NO-0317 Oslo
toril.opsahl@iln.uio.no